

## Kartlegging av floraen i Fagredalen.



*Fleckmure. Foto: Svein Hjelmeset*

**Svein Hjelmeset 06.08.2013.**

[hjelmesets@hotmail.com](mailto:hjelmesets@hotmail.com)

## Innhald.

Framsida: Flekkmure

|                            |         |                              |         |
|----------------------------|---------|------------------------------|---------|
| Forord                     | s 3     | Lauvtistel                   | s 24    |
| Søknad om midlar           | s 4     | Flekkmure                    | s 25    |
| Tildeling av midlar        | s 5     | Fjellveronika                | s 26    |
| Gjennomføring av oppdraget | s 6     | Fjelløyentrøst               | s 27    |
| Reinrose                   | s 7-10  | Rosenrot                     | s 28    |
| Rynkevier og taggbregne    | s 11    | Fjellsmelle                  | s 29    |
| Svartstarr og Tuesildre    | s 12-13 | Brudespore                   | s 30    |
| Gulsildre                  | s 14    | Perlevintergrøn              | s 31    |
| Jåblom                     | s 15    | Fjellsyre og raud jonsokblom | s 32    |
| Bergrublom                 | s 16    | Moselyng og greplyng         | s 33    |
| Raudsildre                 | s 17    | Trefingerurt og fugleliv     | s 34    |
| Bjønnbrodd                 | s 18    | Heipiplerke og fjellrype     | s 35    |
| Fjellfrøstjerne            | s 19    | Fugleliv elles i Fagredalen  | s 36    |
| Fjellarve                  | s 20    | Kongeørn                     | s 37    |
| Bergveronika               | s 21    | Planteliste                  | s 38-39 |
| Snøbakkestjerne            | s 22    | Sluttord                     | s 40    |
| Svarttopp                  | s 23    | Bilde frå kalkområda         | s 41    |

## **Forord**

### **Fagredalen.**

#### **Kartlegging av kalkkrevjande plantar 2013.**

Våren 2013 søkte eg styret for landskapsverneområdet om kr 20000 til florakartlegging i Fagredalen som ligg i Naustdal/Gjengedalsområdet. I eit avgrensa område rundt Fagredalsvatnet finn ein fleire kalkkrevjande plantar som vitnar om at det er ei kalk-åre som kjem opp i dagen her. Det er vel sagt at denne kalk-åra dukkar opp att på Svarthammaren ved Svinestranda og på Utvikfjellet.

Styret løvde 12.000 kr til dette oppdraget.

## **Søknaden**

Søknad om tiltaksmidler.

Naustdal-Gjengedal verneområde.

### **Fagredalen.**

V/Alf Erik Røyrvik.

Inne i dette verneområdet finst det nokre få stadar med kalkrik grunn. Her er det ein del indikatorplantar (rynkevier, reinrose og fleire).

På eit avgrensa område i Fagredalen finn ein fleire av desse plantane. Eg kan ta på meg å kartlegge plantelivet i dette området til sommaren 2013. Tanken er då å kartfeste dei ulike plantane, skrive litt om dei og dokumentere funna med bilde. Dette kan samlast i eit lite hefte som ein rapport.

Ikkje alle plantane blomstrar samtidig, så eit par turar til området må gjerast i løpet av sommaren. Kan og sjå etter evt. fuglar som hekkar i Fagredalsområdet. Søkjer om 20000 kr til dette arbeidet. Viser til samtale med Alf Erik Røyrvik.

Sandane 20.03.2013

mvh

Svein Hjelmeset



Rynkevier (juni 2005). Foto: Svein Hjelmeset

## **Saksutgreiing**

### **Søknad om tiltaksmidlar til florakartlegging - Svein Hjelmeset**

#### **Dokument i saka:**

- Søknad om tiltaksmidlar til kartlegging av flora i Fagredalen frå Svein Hjelmeset

#### **Søknaden**

Etter samtale med verneområdeforvaltaren søkjer Svein Hjelmeset om kr 20.000,- frå styret sine tiltaksmidlar, til kartlegging av floraen i Fagredalen. Hjelmeset er godt kjend i området, og kan melde om førekomstar av sjeldne, kalkkrevjande plantar i området. Særleg gjeld dette Fagredalen og Steinbotnen. Desse lokalitetane ligg ikkje inne med registreringar på naturbase, noko Hjelmeset meiner er litt mangelfullt. Etter hans erfaring er Fagredalen den kanskje viktigaste lokaliteten for kalkkrevjande flora i landskapsvernområdet. Registreringane ein eventuelt gjer kan samlast i eit hefte eller anna informasjonsmateriell. I samband med registreringa kan Hjelmeset og registrere hekkande fuglar i dette området.

#### **Vurdering**

Kartlegging av naturverdiane i landskapsverneområdet er eit viktig arbeid som bør prioriterast. Mykje arbeid er gjort allereie og mykje av dette er tilgjengeleg på naturbase eller andre databasar, men det er likevel mykje som ikkje er kartlagt enno. For å ha ei god forvaltning av eit verneområde er det viktig å ha mest muleg kunnskap om dei naturverdiane som er i området. Dette er viktig kunnskap for forvaltninga, men og kunnskap som kan og bør formidlast ut.

Tiltaket er i tråd med føremålet med styret sine tiltaksmidlar. Vi har ikkje brukt midlar til kartlegging av plantelivet i Naustdal-Gjengedal tidlegare, og slikt arbeid bør prioriterast høgt.

Det er søkt om kr 20.000,-. Verneområdeforvaltaren vil tilrå at styret tildeler noko mindre i første omgang. Ved tildeling av kr 12.000, med ein vanleg timesats på tiltak i verneområdet på 300 kr, vil det verte 40 timar til dette arbeidet. Om det skulle syne seg å verte lite, får vi heller kome tilbake til det seinare i år.

Hei

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre handsama søknaden din om tiltaksmidlar til florakartlegging på styremøte den 3.april.

Styret vedtok å tildele 12.000 kr til det arbeidet du presenterte i søknaden. (Det er i alle fall sett av 12.000 no i første omgang, og so får vi heller komme tilbake til det om det skulle vise seg å verte lite). For detaljar, sjå saksutgreiing i protokollen som ligg vedlagt. Søknaden din er sak nr 17/13.

Vi burde få til eit lite møte der du, eg og eventuelt naturoppsyn Rune Holen legg ein plan for det vidare arbeidet.

Venleg helsing

Alf Erik Røyrvik

## Gjennomføring av oppdraget.



**Fagredalen 27.08.02.** Dei kalkrike områda ser ein oppe i venstre bildehjørne. Foto: Svein Hjelmeset

Etter eit par innleiande møte med Alf Erik Røyrvik, tok eg fyrste turen til Fagredalen 19. juni 2013.

Det er fleire ruter som fører til Fagredalen. Ein kan gå frå Jølster via Langevasshytta og Blådalen eller frå Gjengedalsstøylen, forbi både Gjengedalsvatnet og Måsevatnet. Eg brukte det tredje alternativet på begge turane mine 19. juni og 21. juli. Turen går frå Sandane, forbi Veslevatnet og langs Langedalsvatnet, opp Stoda og gjennom Fagredalsreset.



### **Reinrose *Dryas octopetala***

Sjølv om heile Fagredalsvatnet var isdekt, sto fleire av vekstane i full blomst. Spesielt reinrosa var riktblomstrande denne gongen, så merk dykk datoen rundt 20. juni om de vil opp og sjå dei krittkvite blomane og dei irrgroene blada. Mykje av denne planten veks på ein av dei store steinane som ligg sør for vatnet. Reinrosa veks som eit samanhengande teppe. Stammen kan bli opp til 1 cm tjukk. Litt av dette «teppet» bar preg av den harde vinteren og var visna.



**Reinrosa** i Fagredalen i full blomst 19. juni 2013. Foto: Svein Hjelmeset



Steinen er også vekseplass for den dominerande planten: fjellfrøstjerne (for liten til å sjå på bildet). Berre fjellsmelle og reinrose viser på dette bildet. Oppe til høgre i bildet ser ein den visna delen av reinroseteppet.

*Foto:Svein Hjelmeset 19.06.13*




Reinrosa veks som regel berre på kalkrikt jordsmonn. Den har sterkare krav til kalkrik jord enn nokon annan norsk plante. Sikker merkeplante på kalkgrunn. Blada er irrgrøne og læraktige med tetthåra underside. Griffelen vert sitjande på nøttefrukta og danner eit fjørforma, hårete spreingsorgan. Sjå bilde under.



### **Avblomstra reinrose.**

**Om ikkje så lenge vert  
dei doggvåte griflane  
gjort om til hårete  
spreiingsorgan som  
vinden vil ta tak i.**



**Reinrosa veks på  
baksida av steinen til  
høgre på bildet.**

**21.07.13**

**Foto: Svein Hjelmeset**

**N:6869083, Ø:36648**

**L:6,228256,**

**B: 61,673178**

To markerte steinar på sørsida av vatnet Foto: Svein Hjelmeset 21.07.13

På siste turen kom eg over ein bergnabb som liknar berggrunnen i Fagredalen. Her var det og ein forekomst av reinrose og ein del kalkkrevjande blomster. Mellom anna desse: Tuesildre, snøbakkestjerne og rynkevier. Her er koordinatane til denne plassen som ligg på høgre sida av elva når ein er ferdig med den brattaste delen av Stoda:

N: 6869114, Ø: 36370

L: 6,222987 B: 61,673118



Bilde av steinen som du kan sjå på kanten av den brattaste oppstigninga i Stoda. 21.07.2013.

*Foto: Svein Hjelmeset*



### Rynkevier *Salix reticulata*.




**Rynkevier** på nordsida av vatnet i Fagredalen 19.06.13 Foto: Svein Hjelmeset

Rynkevier som er kalkkrevjande, veks det mykje av i Fagredalen. Han veks ut frå sprekker i kalkrike hamrar på nordsida av vatnet. Dette er ei dvergbusk på nokre få cm høgd. Stammen er sterkt greinete og kryp i jordoverflata. Blada er tjukke og stive med silkehår på undersida. Sikker merkeplante for kalkhaldig grunn. Heile denne slekta er særbu.

### Taggbregne *Polystichum lonchitis*.

#### Taggbregne

Taggbregne og  
gulsildre ser ein på  
bilde frå Fagredalen  
21. juli 2013. Dei visne  
blada frå i fjor heng  
fortsatt på bregna.



#### Taggbregne

Blada er tjukke, læraktige,  
glinsande på oversida og  
dei har kvasse taggar.  
Likar seg best på kalkrik  
grunn. Foto: Svein Hjelmeset

### **Svartstarr** *Carex atrata*

#### **Svartstarr**

15-40 cm høg. Toppaks  
og tokjønna med  
hoblomst øverst. Veks på  
høgstaude- og graseng,  
særleg på kalkgrunn. Du  
finn fleire av desse i  
fagredalen.

Foto: Svein Hjelmeset 19.06.13



### **Tuesildre** *Saxifraga cespitosa*


#### **Tuesildre**

2-6 cm. Blomstrar i juli-  
august. Som oftast veks dei i  
små tuer. Stengelen har  
yngleknoppar og tynne  
utlauparar som sler røter  
under jorda. Slik vert det nye  
plantar. Tuesildra formeirer  
seg og ved frø.


Foto: Svein Hjelmeset 19.juni 2013







Her har **tuesildra** sett frø 21.07.13. Foto: Svein Hjelmeset



Nærbilde av frøa til **tuesildra**. Foto: Svein Hjelmeset 21.07.2013

## Gulsildre *Saxifraga aizoides*



### Gulsildre

5-12 cm høg. Blomstrar i juli-august.

Kronblada har antan raude, gule eller ingen flekkar ved grunnen.

Støvknappane er raude eller gule.

Veks på våte stadar. Planten er vanleg i fjellet, helst på fuktige område med kalkrik grus- eller leirhaldig jord.



Nærbilde. Legg merke til dei raude prikkane.

Foto: Svein Hjelmeset 21.07.2013

## Jåblom *Parnassia palustris*


### Jåblom

8-15 cm. Blomstrar i juli-august. Jåblom (Ljåblom) er eigentleg ein sildreart. I eldre tid peika namnet på at når jåblomen blomstra, var det tid for å slå graset i utmarka. Kan vekse opp til 1700 moh på fuktige stadar. Den trivst best om det er kalk og god tilgang på andre næringstoff i jorda.

Fem av dei ti støvbærarane er omdanna til honningproduserande organ, staminodier. Dei er delt i mange flikar og kvar flik endar i ein sterkt glinsande gulgrøn kjertel.



Jåblom 21.07.13. Foto: Svein Hjelmeset





## Bergrublom *Draba norvegica*



### Bergrublom


Fleirårig urt som blir ca 10 cm høg. Kvite blomster. Stilken er kledd med hår og eit eller to blad. Bladrosett med spisse blad som er kledde med hår. Blomstrar i juni-juli. Veks på tørre, kalkrike berg og grusmark.

*Foto: Svein Hjelmeset 19. juni 2012*



Nærbilde av **bergrublomst**. Foto: Svein Hjelmeset 19.06.2013

## Raudsildre *Saxifraga oppositifolia*



### Raudsildre

Blomstrar i mai-august.

Krypande og forveda stenglar som lagar puter eller matter. Veks den i bratt bratt terreng, lagar det seg lange hengande skot. Bladspissen dekt av ei kalkskorpe. Raude blomster. Likar seg best på kalkrik grunn heilt opp til 2350 moh. Finn den og på Grønlands nordkyst. Den blomsterplanten som veks lengst mot nord.

Foto: Svein Hjelmeset 27.05.13

## **Bjønbrodd** *Tofieldia pusilla*



*Foto: Svein Hjelmset 21.07.2013*



### **Bjønbrodd**

Bjønbrodd veks på fuktige stadar på kalkrik grunn, t.d. i myrar med tilsig frå kalkrik berggrunn. Han er ein type lilje som er giftig. Bjønbrodd er nær slektning med surjordsplanten rome, men veks om lag aldri på same plassen som denne. Svak honninglukt av blomsten.




## Fjellfrøstjerne *Thalictrum alpinum*



### Fjellfrøstjerne.

Fjellfrøstjerne er ei  
fleirårig urt i  
soleiefamilien. 5-20 cm  
høg med dobbelfinna  
blad, og ein spinkel  
stengel med  
blomsterklasar.  
Fjellfrøstjerne veks på  
baserik grunn frå  
Telemark til Finnmark.

Fjellfrøstjerne 19.06.2013 Foto: Svein Hjelmeset



**Fjellarve** *Cerastium alpinum*



**Fjellarve 21.07.2013** Foto: Svein Hjelmset

**Fjellarve** er ei urt som høyrer til nellikfamilien. Planten ver om lag 15 cm høg. Stengel og blad har korte ullhår. Blomstrar i juli. Funnen opp til 2220 moh. Veks på eng, heier, rabbar og berghyller, særleg på kalk-og olivenholdig grunn.

**Bergveronika** *Veronica fruticans*.



**Bergveronika 21.07.13** Foto: Svein Hjelmeset



**Bergveronika** er ein fleirårig art i maskeblomstfamilien. Den 5-10 cm lange stengelen er forveda nedst og blada er tjukke og blanke. Store blå blomstrar. Bergveronika veks på grus, berg og i rasmark på kalkrik grunn i fjellet i heile landet. I nord veks den også i låglandet.



**Snøbakkestjerne** *Erigeron uniflorus*



**Snøbakkestjerne** 21.07.2013 Foto: Svein Hjelmeset



**Snøbakkestjerne** er ei urt i korgplantefamilien. Arten har ei sirkumpolar utbreiing. Planten blir 10 cm høg. Korga har grå- eller raudfiolette korgdekkblad. Kvite, til slutt fiolette kantkroner. Gule midtkroner som snart blir raude øvst. Blomstrar i juli.

## **Svarttopp** *Bartsia alpina*



**Svarttopp 21. juli 2013.** Foto: Svein Hjelmeset

**Svarttopp** er ei urt i snylterotfamilien. Arten vart tidlegare rekna til maskeblomstfamilien. Her er nokre blomster som også høyrer til snylterotfamilien: Marimjelle, engkall, myrklegg, og øyentrøst.

Svarttopp er ein fleirårig mørkfarga 2 dm høg fjellplante med håra stengel som nedst har tjukke skjelblad. Oppover stengelen er blada motsette og mørkgrøne eller fiolette. Planten har einskilde svartfiolette blomstrar som er 2 cm lange. Blomstrar kring juni i fuktige enger til fjells.

Veks helst på kalkgrunn.

## Lauvtistel (Fjelltistel) *Saussurea alpina*



**Lauvtistel 21.juli 2013.** Foto: Svein Hjelmset


**Lauvtistel** er ei fleirårig urt i korgplantefamilien som vert 10-15 cm høg. Blada er gråfilla på undersida og korgene dannar ein halvskjerm med fiolette blomster som luktar sterkt av vanilje. Planten veks på myr, eng og i open skog, mest på kalkrik grunn. Vanleg i fjellet over heile landet og i Jotunheimen opp til 2130 moh. I Nord-Norge og nokre plassar på Vestlandet går fjelltistelen heilt ned til sjøen.



## Flekkmure *Potentilla crantzii*




Flekkmure 19. juni 2013 Foto: Svein Hjelmset



### Flekkmure.

Flekkmure er ei fleirårig urt i rosefamilien. 5-25 cm høg og planten veks enkeltvis. 2 cm breie, gule blomster med ein mørkare guloransje flekk innerst på kronbladet. Dei nederste blada er 5-kobla medan dei øverste er trekobla. Flekkmure veks på grasbakkar, helst på kalkrik grunn over heile landet opp til 1950 moh.

## Fjellveronika *Veronica alpina*



Fjellveronika. Foto: Svein Hjelmeset



### Fjellveronika

Maskeblomstfamilien).

Fjellveronika er ein fjellplante som gjer lite av seg, men som er vanleg mange plassar i fjellet. Fargen er blå, men det finst og variantar med kvit blomster. På Svarthammaren vest for Svinestranda i Gloppen finn ein kvite fjellveronika.

Fjellveronika er ein fleirårig fjellplante (opp til 15 cm høg) som veks på fuktig mark. Han er å finne på enger, ved snølege og ved bekkar, og blomstrar kring juni månad.

Dei små blomane er mørkeblå av farge. Dei er samla i ein liten klase i toppen av stengelen, som er opprett frå ein kort krypande del. Det finst og kvite blomstervariantar. Fjellveronika har ovale, heile motsette blad som oftast er glatte. Frukta er ein kapsel. Ved mogning vert både kapselen og heile fruktstanden blå.

Fjellveronika er nokså vanleg i alle fjellstrøk i Noreg. Planten er funnen opp til 2000 m.o.h. i Jotunheimen. Planteslekta har namn etter helgenen Veronica.

## Fjelløyentrøst *Euphrasia frigida*



Fjelløyentrøst. Foto: Svein Hjelmset



### Fjelløyentrøst

Fjelløyentrøst er ein eittårig plante som før låg under maskeblomstfamilien. No er dette endra til

snylterotfamilien. 3-20 cm høg, tetthåra stengel og lodne blad. Blomstrane er kvite til lysfiolette.

Fjelløyentrøst veks på beitemark og myr i fjellet over heile landet, mest på baserik grunn, opp til 1800 moh.

Blomstrane er kvite til lysfiolette. Fjelløyentrøst veks på beitemark og myr i fjellet over heile landet, mest på baserik grunn, opp til 1800 moh.



## Rosenrot *Sedum rosea*



Rosenrot i Fagredalen 19.06.2013. Foto: Svein Hjelmeset

**Rosenrot** veks både i låglandet og høgt til fjells. Planten er særbu. Friske saftfulle blad som blir knallande raude om hausten.

Rosenrot høyrer til bergknappfamilien og er ein fleirårige plante med tjukke saftfulle blad. Firetals eller femtalsblomstrar. Dei veks ofte på tørre sol opne stadar, og greier seg lenge utan væte. Rosenrot er ein grov brunsvart jordstengel med god lukt. Kjøttfulle blad som sit tett på stengelen. Blomsteren har 4 begerblad og 4 gule kronblad. Han blomstrar på ein plante, hoblomstar på ein annan (særbu). Hoplanten får til slutt raude kapslar. Han trivst best på berg og knausar med lite mold. Han er vanleg i fjellet i heile landet, på Vestlandet og Nord-Noreg også i låglandet. Før i tida var det vanleg å plante rosenrot på torvtak. Planten verna mot lyn-nedslag og brann trudde folk. Han blir også brukt som medisin.



## Fjellsmelle *Silene acaulis*



**Fjellsmelle 19.06.2013.** Foto: Svein Hjelmeset

**Fjellsmella** er ein fjellplante her i Gloppen, men ute ved kysten, på Runde f.eks., kan du også sjå dei fargerike fjellsmelle - tuene lyse mot deg. Denne planten likar seg best der det er litt kalk i grunnen.

Fjellsmelle, eller *silene acaulis*, som den heiter på latinsk, er ei urt i smelleslekta i nellikfamilien.

Nellikfamilien er ein stor familie med 80 arter i Norge og over 2000 i verden.

Fjellsmelle likar seg best på kalkrik grunn, og i polare strøk eller fjellområde.

Den blomstrar frå juli til august. Planten er vert kalla kompassblomstrande, det vil seie at blomstringa byrjar på sørsida av tua og at blomstringa sluttar på nordsida av tua.


Den vanlege typen som folk flest tenkjer på når dei høyrer namnet fjellsmelle er den raude blomsten som du finn på fjellet i heile Norge, men det er og ein kvit type. Denne er veldig sjeldan å treffe på, og den veks berre i polare strøk.

Ei fjellsmelle vert frå to til åtte centimeter høg, og tua kan bli opp til ein halvmeter i diameter.

Fjellsmelle - tua kan bli opp til 100 år gamal. Det er og den planten i Noreg med mest utprega puteform. Den har korte men sterke stilker, blada er linjeforma og tettsitjande. Blomstrane er raude femtalsblomstrar, det vil seie at den har fem kronblad og fem begerblad. Grunnen til at dei veks i tue er for å halde temperaturen høg nok til å lage frø i dei vindfylte området dei veks i. Frøa vert spreia med vinden. Klimaendringar med varmare somrar kan føre til at tuene vert for varme og planten dør.

Rota til fjellsmella vert kalla pelerot. Om vinteren vert den fylt opp med næring. Både på Island og Grønland har røtene i tidlegare tider vore brukt i mat når det har vore uår.

## Brudespore *Gymnadenia conopsea*



### Brudespore

Marihandfamilien.

Brudespore er ein vanleg orkide i Norge, som treng ein del kalk i jorda. Orkideen var tidlegare vanleg på ugjødsla slåtteeng i kalkrike strok. Brudespore er raudlista som NT (nær trua) på den nasjonale raudlista.


**Brudespore 21.07.13. Foto: Svein Hjelmeset**

### Kalkkrevjande plantar i Fagredalen.

Etter dei to turane i Fagredalen 19. juni og 21. juli 2013 fann eg 21 kalkkrevjande plantar. Bilde og tekst av/om desse ligg ved i rapporten. Eg vil og ta med nokre av dei plantane som ikkje treng kalk i jordmonnet. Nokre av desse veks i Fagredalen, andre registrerte eg på vegen opp til Fagredalen frå Sandane. Tek med litt om fugl og.



## Perlevintergrøn *Pyrola minor*



**Perlevintergrøn** i Fagredalen. Foto: Svein Hjelmeset



### Perlevintergrøn

**Perlevintergrøn** er ein plante i vintergrønfamilien som veks i skog og hei. I Jotunheimen opp til 1620 meter. Planta vert kring 15 cm høg og har avlange rundtagga blad med flat kant. Kulerund blomster med liten opning, ofte litt raudleg. Griffelen når ikkje ut, og er til slutt kortare enn kapeslen. Blomstar kring juli månad. Vanleg gjennom heile Norge.

### Fjellsyre *Oxyria digyna*



Fjellsyre 21.07.2013. Foto: Svein Hjelmeset

### Fjellsyre

Fjellsyre, fleirårig urt i slireknefamilien. Saftig og syrlig plante, 1–3 dm høg, med langskafte, nyreforma blad og fine, raudspraglete frukter. Vanleg på fuktige stadar i fjellet. I Jotunheimen går den opp til 2150 moh. Fjellsyre er ein populær beiteplante, i eldre tid også brukt til mat.

### Raud jonsokblom *Melandrium rubrum*



### Raud jonsokblom

Raud jonsokblom, fleirårig urt i nellikfamilien. 20–60 cm høg, med heile, motsette blad og raude, særbu blomstrar. Raud jonsokblom veks i eng, beitemark og skog i heile landet, opp til 1780 moh.

### **Moselyng** *Harrimanella hypnoides*




**Moselyng 19.06.13:** Foto: Svein Hjelmeset

### **Moselung**

Moselyng, dvergbusk i lyngfamilien. 2–5 cm lang, liten og moseliknande med kvite klokkeforma blomstrar. Blada er skruestilte, mjuke, spisse og smale. Moselyng er vanleg i fjellet i hele Norge, særleg på stadar med godt snødekke, opp til 1870 moh.

### **Greplyng** *Loiseleuria procumbens*



**Greplyng 19.juni 2013.** Foto: Svein Hjelmeset

### **Greplyng**

Dvergbusk i lyngfamilien. 2–10 cm lang med krypande skot, vintergrøne blad og lyseraude blomstrar. Veks på tørre rabbar og over flate steinar, nokså vanlig i fjellet fra Setesdalen til Finnmark.



### **Trefingerurt *Sibbaldia procumbens***

Fleirårig planteart i rosefamilien. 3–10 cm høg, med blågrøne, trekobla blad og små, gule blomstrar i kortstilka halvskjermar. Vanlig i fjellet i heile landet opp til 2130 moh.



**Trefingerurt 19.06.2013: Foto: Svein Hjelmeset**

## Fuglelivet i området som grensar til Fagredalen.

Det vart heller lita tid til å sjekke så mykje om fuglelivet. Berre fjellrype, heipiplerke, bergirisk, ramn, steinskvett og enkeltbekkasin vart registrert. Tek difor med litt bilde og tekst frå tidlegare observasjonar av fugl i området. Legg også ved illustrasjonsfoto av havørn og kongeørn frå andre plassar i Gloppen.

**Kjelder:** Fjellflora: Olav Gjerdevoll/Reidar Jørgensen, Wikipedia, Store norske leksikon, Kristin Vigander (digital flora), Knut Kai Berget.

### Heipiplerke.



**Heipiplerkereir 19.06.2013. Foto: Svein Hjelmeset**

Mellom Fagredalsreset og Fagredalen fann eg dette heipilerkereiret. På myrane nedanfor høyrde eg ein enkeltbekkasin som mest sansynleg hadde reir i det området.



**Fjellrype i Fagredalen 19.06.2013. Foto: Svein Hjelmeset**

## Fugleliv elles i Fagredalsområdet.

Når det gjeld tidlegare turar i dette området, har eg registrert både kongeørn og tårnfalk. Reknar med at tårnfalken hekkar her, utan at eg har funne reirplass. Å finne hekkeplassen er tidkrevjande, men kan vere ei spanande oppgåve. Kanskje kongeørna og hekkar i dette området?

Elles fekk eg oppleve å sjå 6 havørner over Fagredalen som var på veg mot eit dødt lam på kanten nord for Fagredalen.



Ei av dei 6 havørnene over Fagredalen 6. juni 2006. Foto: Svein Hjelmeset



Det er registrert 3 par hekkande havørn i Gloppen sommaren 2013. Dette er ei av dei ørnene.

Foto: Svein Hjelmeset



## Kongeørn.



Kongeørnreir i Gloppen (Sandaneområdet). Bildet viser 2 ungar. Etter kort tid var det berre ein att i reiret 23.05.04. Foto: Svein Hjelmeset



Kongeørnunge ein av fyrste dagane, 17. juli 2011, han var ute av reiret. Hekkeplassen ligg i Breim. Foto: Svein Hjelmeset

### Kongeørnreir i Gloppen

Legg ved eit par  
bilde av hekkande  
kongeorrn frå to  
hekkelassar her i  
Gloppen.

Liste over plantefunn i Fagredalen 19. juni og 21. juli 2013.

k = kalkkrevjande

**Taggbregne** *Polystichum lonchitis* k

**Svartstarr** *Carex atrata* k

**Bjønbrodd** *Tofieldia pusilla* Pers k

**Brudespore** *Gymnadenia conopsea* k

**Rynkevier** *Salix reticulata* k

**Sølvvier** *Salix glauca*

**Fjellsyre** *Oxyria digyna*

**Fjellsmelle** *Silene acaulis* k

**Fjellarve** *Cerastium alpinum* k

**Raud jonsokblom** *Melandrium rubrum*

**Fjellfrøstjerne** *Thalictrum alpinum* k

**Kvitsoleie** *Ranunculus platanifolius*

**Bergrubblom** *Draba norvegica* k

**Fjellskrinneblom** *Arabis alpina*

**Aurskrinneblom** *Cardaminopsis petræa*

**Rosenrot** *Sedum rosea*

**Raudsildre** *Saxifraga oppositifolia* k

**Gulsildre** *Saxifraga aizoides* k

**Tuesildre** *Saxifraga cespitosa* k

**Jåblom** *Parnassia palustris* k

**Flekkmure** *Potentilla crantzii* k

**Reinrose** *Dryas octopetala* k  
**Trefingerurt** *Sibbaldia procumbens*  
**Skogstorkenebb** *Geranium sylvaticum*  
**Dvergmjølke** *Epilobium anagallidifolium*  
**Perlevintergrønn** *Pyrola minor*  
**Moselyng** *Cassiope hypnoides*  
**Bergveronika** *Veronica fruticans* k  
**Fjellveronika** *Veronica alpina* k  
**Fjelløyentrøst** *Euphrasia frigida* k  
**Svarttopp** *Bartsia alpina* k  
**Snøbakkestjerne** *Erigeron uniflorus* k  
**Kattefot** *Antennaria dioica*  
**Lauvtistel** (Fjelltistel): *Saussurea alpina* k  
**Moselyng** *Harrimanella hypnoides*  
**Grepplyng** *Loiseleuria procumbens*



## **Sluttord:**

*Det er like spennande å kome inn i Fagredalen kvar gong ein tek seg dit. Det er langt å gå, så ein bør nok overnatte med tanke på observasjon av plantar, fugl og dyr.*

*Sjølv om eg registrerte 21 kalkkrevjande plantar på desse to turane, kan ein nok finne mange fleire. Kan tenkje meg fleire turar til området for å supplere plantefunna frå i år. Etter mitt syn kan berre Svarthammaren ved Svinestranda konkurrere med Fagredalen når det gjeld artsmangfald.*

*Fuglelivet hadde det og vore interessant å sjå nærmare på i fredingsområdet. På Tverrfjellet hekkar snøspurvkoloni og kanskje ein ny fugl for Gloppen: Boltit.*

*Sandane 06.08.13*

*Svein Hjelmeset*

## Kartlegging av floraen i Fagredalen.

19. juni og 21. juli 2013.



### Koordinatane for området.

N:6869292 Ø:36735

L:6,22935 B:61,675137

Bildet viser det artsrike området på nordsida av Fagredalsvatnet 21. juli 2013.

I slutten av juni blir det som regel lagt ut bru over elva. Ein kan då kome seg enkelt fram til

Reinroseteppet veks på steinen til høgre på bildet under. *Foto Svein Hjelmeset*



### Reinroseteinen.

N:6869083, Ø:36648

L:6,228256 B: 61,673178

Svein Hjelmeset 06.08.2013